

Vedlegg 15.

Forskrift om vern av Oppsaljuvet naturreservat, Hjartdal kommune, Vestfold og Telemark

Fastsett ved kongeleg resolusjon 27. november 2020 med heimel i lov 19. juni 2009 nr. 100 om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfoldloven) § 34 jf. § 37 og § 62. Fremja av Klima- og miljødepartementet.

§ 1 Føremål

Føremålet med forskrifta er å ta vare på eit område som har særleg verdi for biologisk mangfald på grunn av førekomst av rike skogtypar som gråor-heggeskog, lågurtgranskog, høgstaudeskog og gråor-almeskog. Vidare er føremålet å ta vare på eit området som har særskilt naturvitskapleg verdi på grunn av førekomst av sjeldne og truga lavarter.

Det er ei målsetting å ta vare på verneverdiane i mest mogleg urørd tilstand, og eventuelt vidareutvikle dei.

§ 2 Geografisk avgrensing

Naturreservatet omfattar følgjande gnr./bnr.: Hjartdal kommune: 33/1, 36/1, 36/2.

Naturreservatet dekker eit totalareal på ca. 159 dekar. Grensene for naturreservatet går fram av kart datert Klima- og miljødepartementet november 2020. Dei nøyaktige grensene for naturreservatet skal merkast i marka. Knekkpunkta skal koordinatfestast.

Verneforskrifta med kart blir oppbevart i Hjartdal kommune, hos Fylkesmannen i Vestfold og Telemark, i Miljødirektoratet og i Klima- og miljødepartementet.

§ 3 Vernereglar

I naturreservatet må ingen gjere noko som skadar verneverdiane som går fram av føremålet med vernet.

I naturreservatet gjeld følgjande vernereglar:

- a. Vegetasjonen, medrekna daude buskar og tre, er verna mot skade og øydelegging. Det er forbode å fjerne planter og sopp inkludert lav eller deler av disse frå naturreservatet. Planting eller såing av tre og annan vegetasjon er forbode.
- b. Dyrelivet, medrekna reirplassar og hiområde, er verna mot skade, øydelegging og unødige forstyrring. Utsetting av dyr er forbode.
- c. Det må ikkje settast i gong tiltak som kan endre naturmiljøet, som f.eks. oppføring av bygningar, anlegg, gjerder, andre varige eller mellombelse innretningar, parkering av campingvogner, brakker e.l., opplag av båtar, framføring av luftleidningar, jordkablar, kloakkleidningar, bygging av veger, drenering eller anna form for tørrlegging, uttak, oppfylling eller lagring av masse, utføring av kloakk eller anna konsentrert ureining, etterlating av avfall, gjødsling, kalking eller bruk av kjemiske plantevern- eller skadedyrmiddel. Forsøpling er forbode. Opplistinga av tiltak er ikkje uttømande.
- d. Bruk av naturreservatet til større arrangement er forbode.
- e. Bålbrenning og bruk av grill er forbode.

§ 4 Generelle unntak frå vernereglane

Vernereglane i § 3 andre ledd er ikkje til hinder for:

- a. Sanking av bær og matsopp.
- b. Jakt og fangst i samsvar med gjeldande lovverk.
- c. Felling av store rovdyr i samsvar med gjeldande lovverk.
- d. Beiting.
- e. Utplassering av saltstein.
- f. Oppsetting av mellombelse mobile jaktårn for storviltjakt.
- g. Forsiktig rydding av småbuskar og kvist i samband med storviltjakt.

§ 5 Regulering av ferdsel

All ferdsel skal skje varsamt og ta omsyn til vegetasjon, dyreliv og kulturminne.

I naturreservatet gjeld følgjande reglar om ferdsel:

- a. Motorferdsel på land og i vatn er forbode, medrekna landing og start med luftfartøy.
- b. Sykling, bruk av hest og kjerre, og riding er forbode.

§ 6 *Generelle unntak frå ferdselsreglane*

Ferdselsreglane i § 5 er ikkje til hinder for gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak i samband med ambulanse-, politi-, brannvern-, rednings- og oppsynsaugemed, og gjennomføring av skjøtsels- og forvaltningsoppgåver som er bestemt av forvaltningsstyresmakta. Unntaket gjeld ikkje øvingsverksemd.

Ferdselsreglane i § 5 andre ledd er ikkje til hinder for:

- a. Naudsynt motorferdsel i samband med uttransport av sjuke og skadde bufe. Køyretøy som vert nytta skal være skånsamt mot markoverflata. Det skal gjevast melding til ansvarleg oppsyn for verneområdet i forkant av køyring.
- b. Naudsynt uttransport av felt elg og hjort med lett beltekøyretøy som ikkje set varige spor i terrenget.
- c. Landing og start med Forsvaret sine luftfartøy.

§ 7 *Spesifiserte dispensasjonsreglar*

Forvaltningsstyresmakta kan etter søknad gi dispensasjon til:

- a. Tiltak i samband med forvaltning av vilt og fisk.
- b. Merking, rydding og vedlikehald av eksisterande stiar og famle ferdselsvegar.
- c. Hogst av etablerte plantefelt.
- d. Istandsetting, vedlikehald og skjøtsel av kulturminne.
- e. Avgrensa bruk av naturreservatet for aktivitetar som nemnde i § 3 andre ledd bokstav d.
- f. Øvingskøyring for føremål nemnd i § 6 første ledd.
- g. Uttransport av felt elg og hjort i med anna køyretøy enn lett beltekøyretøy som nemnt i § 6 andre ledd bokstav b.
- h. Oppsetting og vedlikehald av gjerde.
- i. Naudsynt motorferdsel i samband med aktivitetar nemnd i § 4 bokstav e og § 7 bokstav a, b, c, d og h.

§ 8 *Generelle dispensasjonsreglar*

Forvaltningsstyresmakta kan gjere unntak frå forskrifta dersom det ikkje strir mot føremålet med vernevedtaket og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig, eller dersom omsyn til tryggleik eller omsynet til vesentlege samfunnsinteresser gjer det naudsynt, jf. naturmangfoldloven § 48.

§ 9 *Skjøtsel*

Forvaltningsstyresmakta, eller den forvaltningsstyresmakta bestemmer, kan setje i verk tiltak for å oppretthalde eller oppnå den natur- eller kulturtilstanden som er føremålet med vernet, jf. naturmangfoldloven § 47.

§ 10 *Forvaltningsplan*

Det kan utarbeidast forvaltningsplan med nærare retningslinjer for forvaltning av naturreservatet. Forvaltningsplanen kan innehalde nærare retningslinjer for gjennomføring av skjøtsel.

§ 11 *Forvaltningsstyresmakt*

Miljødirektoratet fastset kven som skal vere forvaltningsstyresmakt etter denne forskrifta.

§ 12 *Ikraftsetjing*

Denne forskrifta trer i kraft straks.

